# Innsats i BTI – engstelige barn

| | |
|---|---|
| **NAMN PÅ TILTAKET: Barn og unge som er engstelege** | **GJELD NIVÅ**: 2 |
| **Aktuell aldersgruppe**: barnehage barn og skulebarn | **Gjeld:** barn i barnehage og skulebarn i Sveio kommune |
| **Omfang:**<br>Individuelt etter behov og<br>som kurs for foreldre/tilsette | **Kontaktperson i tenesta**: Leiande helsesøster Grethe Natås<br>**Telefon: 53748120**<br>**Eller den helsesøstera som er på den skulen som barnet går på eller psykiatrisk sjukepleiar Nancy Helgesen.** |

**Omtale av tiltaket:**

Angstlidingar er den vanlegaste psykiske helseplaga blant barn og ungdom. Ein reknar med at rundt 20 prosent av barn og unge slit med symptom på angst. Tre til fem prosent har så alvorlege plager at dei får diagnosen angstliding. I dag finst gode metodar for å hjelpe barn og ungdom med å meistre angst. Dette kan me som jobbar på helsestasjonen hjelpa med:

- Alle som jobbar på helsestasjonen og psykiatrisk sjukepleiar har tatt opplæring i PEACE, foreldre veiledning for foreldre med barn /unge med angst.
- Våren 2018 arrangerte me første opne kursdag ift engstelege barn og mange kom!! Me vil fortsetja å ha slike kursdagar om tema engstelege barn.
- Elles har både helsesøster og psykiatrisk sjukepleiar individuell oppfølging av barn /unge som er engstelege og me nyttar element frå PEACE, Psykologisk førstehjelp og «Hei spelet «i samtalane. Me har tett samarbeid med foreldra til barnet og dei får opplæring i PEACE slik at dei best mulig i lag kan hjelpa barnet/ungdommen.
- Me henviser i samråd med foreldre vidare dei barna som treng det. Dersom barnet skal henvisast til BUP så må dei ha prøvd Peace opplegget først og det som kommunen kan tilby av oppfølging før det nyttar å henvisa til dei. Det er fastlegen som henviser til Bup men helsesøster eller psykiatrisk sjukepleiar alt etter kven som har hatt oppfølging av barnet bør skriva eit vedlegg som føl henvisinga.
- Kommunen nyttar elles Samhandlingsforløp Helse Fonna ift angst, sjå nettsida